

Hordaland Fylkeskommune
Regionalavdelinga
PB 7900
5020 Bergen.

Granvin 15.06.2016.

Viser til brev av 09.06.2016.

Tilsegningsnr. 2016/12-20.

Tilskot til viltformål. Tilsegningsnr. 2016/12-20.

Takkar for tilsegn om tilskot på kr 10000 til filmprosjektet "Soga om trollfuglen i Øykjakroken."

Prosjektet er no avslutta. Finansieringa-i høve til budsjettet- løyste me med meir dugnad og eigne midlar. Viser til sluttrekneskapen. Me fekk ma kr 5000 frå Sparebankstiftinga Hardanger.

Sluttrapport:


Bakgrunnen for prosjektet er 2-delt. For det første å dokumentera ei historie om ein tiurleik som er kjend og overvaka i nær 100 år. Men det viktigaste er i størst mogeleg grad å påvisa kva ein tiurleik aksepterar av inngrep og uro. Det er dette som er målet med prosjektet. Underteikna har hatt årlege overnattingar på leiken i 65 år. Dei siste åra 4-6 overnattingar årleg. Utan avbrot aktivitet kvar vår- bortsett frå 2013 og 2014, då var det heilt tomt. I 2015 og 2016 full aktivitet att! Kva er årsakene til dette? I filmen prøver me å analysera tilstandane før, under og etter åra 2013 og 2014.

Vår von er at dette prosjektet kan vera eit grunnlag for vidare drøfting om kva ein tiurleik aksepterar av uro og inngrep. I overskueleg framtid vil denne leiken verta kontinuerleg overvaka.

Søkjer med dette om å få utbetalt tilskotet på kr 10000.

Vedlegg: Eit eks av den ferdige filmen.

Mvh Olav S. Haugse


Hausevegen 93
5736 Granvin.

Hordaland fylkeskommune
V/Jomar Ragnhildstveit.


Granvin 03.08.2016.

Viser til telefonsamtale 03.08.2016. Vonar dette er det du treng for utbetaling av tilskotet. Eg sende likelydande med vedlagd film i posten 15.06.2016 til adr:
Hordaland fylkeskommune
Regionavdelinga, postboks 7900
5020 Bergen.

Som eg sa i telefonen har eg ingen motførestillingar til at du brukar filmen. Min kongstanke har alltid vore å finna ut om natur, friluftsliv og næring kan leva i eit lukkeleg samliv. Kort og godt forska på kva ein tiurleik aksepterar og ikkje aksepterar. Filmen er tenkt som eit innslag i debatten om dette kompliserte temaet. Som me var inne på i telefonen finn me aldri det endelege svaret på det store samspelet. Dei som har dette svaret avslørar seg sjølve som reine amatørar. I tillegg har eg dagboknotatar om observasjonar og filmopptak frå mange år attende. Har og laga ein driftsplan for framtidig forvaltning av leikområdet.

Har du interesse av det er du velkomen innom til ein prat og synfaring i området.

Med helsing


Olav S. Haugse.

Tilsegnsnittakar må så snart tilsegnsbrevet er motteke signere vedlagte akseptskjema og sende i retur til Hordaland fylkeskommune, seinast innan 2 månader.

AKSEPTSKJEMA for Tilskot til viltformål 2016

Prosjektnamn: Observasjonar og forvaltning av ein tiurleik	Tilsegnsnr: 2016/12-20
Tilskot inntil kr: 10 000,-	
Tilskotet gjeld til: 31.12.2016	Vår ref. 2016/12-20

Fyllast ut av tilsegnsnittakar:

Tilsegnsnittakar: Olav S. Hånesse
 Postadresse: Hånessevegen 93, 5736 Gausvin
 Kontaktperson: Olav S. Hånesse
 Telefon/telefaks: 56525214 E-postadresse: olavhansse@gmail.com
 Org. nr.: 969912148 Kto.nr. bank/post: 34501090346

Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Signatur: Olav S. Hånesse Stad: Gausvin Dato: 3/8-2016
 Prosjektansvarleg

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen

SLUTTREKNESKAPSSKJEMA

Tilskot til viltformål 2016

Prosjektnamn: Observasjonar og forvaltning av ein tiurleik	Tilsegnsnr: 2016/12-20
Tilskot inntil kr: 10 000,-	
Tilskotet gjeld til: 31.12.2016	Vår ref. 2016/12-20

Fyllast ut av tilsegnsmottakar:

Org. nr. 969912147 Kto.nr. bank/post 34501090346
 Namn: Olav S. Høyse
 Postadresse: Høysevegen 93 5736 Granvin
 Kontaktperson: Olav S. Høyse
 Telefon/telefaks: 50525214 E-postadresse: olavhoyse@gravid.com

SLUTTREKNESKAP:

Rekneskapen under skal setjast opp etter same oppsett som er nytta for budsjett (jf. pkt.3 i tilsegnsbrevet).

Godkjende kostnader:			Godkjend finansieringsplan:		
Budsjettpost	Rekneskap	Budsjett	Kjelde:	Sluttfinansiering	Budsjett
<u>Driftsforbruk/lydi</u>	<u>5000,-</u>	<u>5000,-</u>	<u>Eigne midlar/diagnos</u>	<u>27000,-</u>	<u>5000,-</u>
<u>Transport/utvik</u>	<u>7000,-</u>	<u>7000,-</u>	<u>Særsk. budsjett</u>	<u>5000,-</u>	
<u>Løn/diagnos</u>	<u>30000,-</u>	<u>30000,-</u>	<u>Hordaland fylkeskommune</u>	<u>10000,-</u>	<u>37000,-</u>
	<u>42000,-</u>	<u>42000,-</u>		<u>42000,-</u>	<u>42000,-</u>

Godkjent av prosjektleder: 3/5-2016
 dato

Olav S. Høyse
 signatur og stempel

Godkjent av prosjektansvarleg: 3/5-2016
 dato

Olav S. Høyse
 signatur og stempel

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen